



EIVIND HORDVIK

Referanser:
Dykker:
Vår: 23/4697 - 23/80436

Saksbehandlar:
Roger Fanavoll Fjellsbø
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.no

Dato:
31.10.2023

Tilbakemelding - Dykker ref. 23/4697 - 23/65790

Tiltak: Kloakk i hage
Byggjestad: Gbnr: 474/16
Tiltakshavar:

Vi viser til vårt brev datert 30.08.2023 om melding om kloakkoppkomme på eigedommen din og lagring av hestemøk i nærleiken av open elv. I brevet ba vi om ei tilbakemelding på kloakkforholda og rutinene for lagring av hestemøk.

I tilbakemeldinga skriv du at du ved eit tilfelle har registrert kloakk på naboeigedommen, og at du meiner dette skuldast heilt eller delvis tett spreiegrøft. Du opplyser også i brevet om at det pågår arbeid med etablering av minireinseanlegg. Vi legg til grunn at minireinseanlegget vil være i drift innan relativt kort tid og at dette vil være beste måten å unngå problema på naboeigedommen.

Vi legg til grunn dine opplysningar angående lagring av hestemøk. Dette må ikkje tolkast som ei godkjenning av måten du lagrar hestemøk på. Du er sjølv ansvarleg for at krav til lagring av hestemøk vert følgt. Blant anna gjeld dette:

- Hestemøk må lagrast slik at den er skjerma mot overflatevatn
- Hestemøk kan berre mellomlagrast fram til den blir tatt i bruk som gjødsel
- Hestemøk må nyttast som gjødsel på eige jordbruksareal, leverast til godkjent mottak eller leverast til gardsbruk som kan nytte hestemøk som gjødsel.
- Hestemøk kan ikkje lagrast slik at det har avrenning til vassdrag
- Hestemøk som vert brukt skal framgå av gjødslingsplanen
- Hestemøk som ikkje inngår i gjødslingsplanen, kan berre mellomlagrast i inn til 1 år.

Dette til orientering.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
EIVIND HORDVIK